

Memoar.no

Alle har ei forteljing å dele



Utvikling av munnleg historie ("oral history") i Hordaland

Me som lever no er dei fyrste generasjonane i historia der "vanlege folk" kan leggja etter seg munnlege uttrykk i lyd- og biletformat i stort omfang. Dei nye opptaksteknologiane - magnetofonen frå 1930-talet, kassettpelaren frå 1960-talet og dei digitale lyd- og videoopptakarane i vår tid - er forklaringa på ei spennande utvikling innan historie, kulturvitskap, samfunnsfag og frivillig kulturarbeid. Internasjonalt har det vakse fram eit nytt fagområde som har fått namnet "oral history".

Me manglar eit motsvarande omgrep på norsk, for utviklinga her har enno ikkje kome skikkeleg igang. Det er dette me har tenkt å endre med vårt prosjekt. Me vil gjennomføre eit krafttak for å utvikla infrastruktur, kompetanse og organisasjon i Hordaland. I løpet av prosjektperioden skal me setja munnleg historie ("oral history") på dagsorden og gjera Hordaland til eit foregangsfylke på feltet.

Bakgrunn:

Den ideelle organisasjonen Memoar vart stifta i Bergen i juli 2015 med formål å *"fremje ein kultur for å ta vare på og dele munnlege forteljingar om levd liv"*. Gjennom det fyrste oppbyggingsåret har me prøvd ulike måtar å verkeleggjera denne visjonen på.

- Me har initiert og organisert to mellomstore innsamlingar av munnlege minneforteljingar, den eine saman med Sjøfartsmuseet i Bergen, den andre saman med fagforbundet Industri Energi.
- Me har eksperimentert med nye metodar for dokumentering og katalogisering av munnlege minneforteljingar.
- Me har forsøkt å avlevere dei munnlege forteljingane til lokalt, regionalt og nasjonalt arkiv. Det innsynet dette har gitt har me brukt til å lage ei privat arkivløysing i "nettsky" som me ynskjer å utvikle slik at innhaldet kan overførast direkte til offentleg arkiv når eit (eller fleire) slike kan ta mot munnleg materiale.
- Me har arbeidd saman med eit bibliotek for å prøve ut intervjustudio som nytt bibliotekstilbod (Bergen hovedbibliotek).
- Me laga og prøvd ut ein pilot på nettmedium - www.memoar.no - der forteljarar som ynskjer det kan publisera / dela sine forteljingar. (Per juni 2016 har me bistått 27 forteljarar med å publisera omlag 40 timar med munnlege forteljingar).
- Me har forsøkt ut formidling av minneforteljingar som publikumsarrangement i samarbeid med eit bibliotek og eit museum.
- Saman med eit idrettslag (Djerv) har me gjort eit forsøk med formidling av lokal forteljarkultur gjennom geotagging til ein mobil applikasjon, der utdrag av munnlege forteljingar kjem automatisk opp på nettbrett eller telefon når brukaren går ei vandringsrute.
- Og me har laga og forsøkt ut eit kurs som skal gjere det lettare å starte som minnesamlar.

Alle desse aktivitetane har fungert som eit forprosjekt. No ynskjer me å bruke erfaringane i eit hovudprosjekt som kan utvikle alle desse ideane og pilotane til "ferdig" infrastruktur, kunnskap og organisasjon. Denne søknaden skildrar eitt års arbeid. Me trur nok at det trengs ein lengere prosjektperiode, men me vil sjå resultatane av dette fyrste året før me tek stilling til om me vil søke

om forlenging.

Før me går inn på det konkrete prosjektet,
ynskjer me å fortelja kvifor me meiner at visjonen vår
samsvarar med målsetjingane i den regionale kulturpolitikken:

Formidling og deltaking:	Samordning og samhandling:	Kunstnarleg nyskaping:
<p>Den frie, munnlege forteljinga inneheld myje meir enn ord: Tonefall, andlets- og handrørsler, blikk, geip, glimt, rykk, smil, flir, lått - og mange lag med undertekst.</p> <p>Munnlege forteljingar får særleg verdi når innhaldet ikkje vert styrt gjennom spørsmåla til ein statistikar, vinklinga til ein journalist eller filtreringa til ein vidareformidlar.</p> <p>Likevel har munnlege kjelder lenge hatt låg status i Noreg. <i>Den mest "hårete" ambisjonen vår er at det skal bli god folkeskikk for alle å fortelje under opptak ved viktige milepelar langs livsvegen.</i></p> <p>Memoar vil gjere det lett å få gjort slike opptak, å få dei bearbeidd slik at dei vert søkbare element i vårt kollektive minne - og å få på plass den infrastrukturen som skal til for at dette "kollektive minnet" skal ha form av eit ope offentleg arkiv.</p> <p>Me vil også at minnene skal kunne delast. Den <i>delingskulturen</i> som ser ut til å feste seg i vår tid er etter vårt syn grunnleggjande sunn og ei positiv motkraft til den <i>tilskodar-kulturen</i> som lenge prega moderniteten.</p> <p>Me vil gjere <i>alle</i> til deltakarar i utviklinga av den store</p>	<p>Sjølv om munnlege forteljingar er den eldste av alle historiemetodar, så står Memoar for noko <i>nytt</i> når me vil samle minneforteljingar i masseomfang, gjere dei søkbare og lggje dei i offentlege arkiv for bevaring i all framtid.</p> <p><i>Me ynskjer å konsentrere oss om dette "nye" (fokus og kompetanse på innsamling, dokumentasjon, arkivering og tilretteleggjing for bruk av munnleg historie).</i></p> <p>Men me kan ikkje gjere det på ein einaste plass utan <i>samhandling</i> og <i>samordning</i> med dei som alt <i>er</i> på dei ulike samfunnsområda:</p> <ul style="list-style-type: none">- bibliotek, museum, arkiv,- kyst- og sogelag, lokal- og organisasjonshistorikarar, slektsgranskarar- kunstnarar, forskarar. <p>Alle treng betre metodar og kunnskapar om munnleg historie - og me treng samhandling med alle.</p>	<p>I søknadsskjemaet for KUP-midler har me ikkje kryssa av for dette programområdet.</p> <p>Men me <i>kunne</i> ha gjort det, for der er uklare grenser for kva som er samling og formidling av munnleg dokumentasjon, og kva som er nyskapande kunst.</p> <p><i>Forteljarkunsten i seg sjølv</i> er eit folkeleg kulturuttrykk som kanskje fortener ein rennessanse - både som "folkeleg" og profesjonell kunstform?</p> <p>Munnleg historie er også ein av dei viktigaste (og eldste) formen for kjeldemateriale til litteratur, film, utøvande og visuelle kunstformer.</p> <p>Kan det ikkje tenkjast at eit mangedobla tilfang av fyrstehands munnlege kjelder også vil kunne styrke alle kunstformer?</p> <p>Ligg det ikkje også materiale til heilt nye kunstformat i denne visjonen?</p>



(Frå minneopptak med publikum, Sjøfartsmuseet 14/10-2015)

Eit krafttak for munnleg historie i Hordaland

Frå hausten 2016 ynskjer me å profesjonalisera arbeidet med fremja kultur for å ta vare på og dela munnlege forteljingar om levd liv i Hordaland. Me ynskjer å kjøpe fri ein eller fleire ildsjeler som kan skape engasjement og samarbeid for å utvikle pilotane frå Memoar sitt forprosjekt i 2015-2016 til ein "ferdig" struktur på desse feltene:

Infrastruktur:

- **Intervjustudio:** Me vil skaffe oss eit mobilt intervjustudio som me enkelt kan flytte rundt på brukarstder i heile fylket.
 - Fyrst og fremst ynskjer me at *bibliotek* skal låne det for å skaffe seg erfaringar med minneopptak som nytt bibliotekstilbod. Målet vårt vil vere at flest mogleg bibliotek skaffar seg eige slikt utstyr, og me skal hjelpe dei praktisk og kompetansemessig med å få det til.
 - Dernest ynskjer med å låne eller leige det ut til organisasjonar, bedrifter eller insitusjonar som ynskjer å gjere minneopptak f.eks. i samband med eit bedriftsjubileum. På sikt tenkjer me at utleige av utstyr kan vere ei av inntektskjeldene til ein permanent organisasjon. Men i prosjektperioden vil det viktigaste vere å skape interesse og engasjement rundt minnesamling.
- **Arkiv:** Me skal fyrst og fremst påverka og samarbeida med den offentlege Arkiv-, biblioteks- og museumssektoren for å få oppretta eit ope offentleg arkiv for munnlege livsforteljingar og anna munnleg kjeldestoff.

- Men me skal ikkje vente på at det kjem på plass. Inntil vidare skal me idareutvikle den piloten som me har laga i "nettskya" saman med Dropbox.com og Vimeo.com (sjå [Arkiv.Memoar.no](#)). I løpet av året skal alle innbyggjarar i Hordaland kunne avlevera munnlege forteljingar dit.
- når ein offentleg arkivstruktur er på plass skal så alt innhald i Arkiv.Memoar.no avleverast dit.
- **Publiseringskanal:** Me ynskjer også at det offentlege skal eige og drifte ei formidlingsteneste der folk sjølve kan publisere og dele sine forteljingar. Ei slik teneste er under utprøving i Sverige ([Minnen.se](#)) og fyrste versjon av ein norsk "tvilling" ([Minne.no](#)) kan bli lansert alt i september i år.
 - Me vil fylgje nøye og gjerne samarbeide om utviklinga av Minne.no for å forsøke å få den utvikla slik at den dekkjer visjonen vår.
 - Parallellt vil me vidareutvikle nettsidepiloten Memoar.no og dei ulike prosjektnettsidene ([Sjofart.Memoar.no](#), [Industri.Memoar.no](#), [Motkultur.Memoar.no](#) etc) både for å synleggjere vår visjon og å prøve ut nye formidlingsidear saman med samarbeidspartnarar.

Kompetanse:

Utviklinga av "oral history" som fag- og forskingsområde begynte for alvor med bandopptakaren på 1930-talet. Ho fekk nye oppsving med kassettspelaren på 1960-talet og særleg med alt det rimelege opptaks- og lagringsutstyret som kom med den digitale revolusjonen. Særleg har det skjedd mykje i USA, Storbritania og resten av den anglofone verda. Men i Noreg har innsamling av munnleg kjeldemateriale stort sett vore avgrensa til folkloristikk. Me ynskjer å arbeide for ei meir oppdatert forståing av munnleg historie. På søknadstidspunktet ynskjer me å arbeid for:

- **Å utvikla ein debatt om forståing og praktisering av omgrepet "munnleg historie":** Me har sjølv sagt ingenting imot folkloristikk. Men me meiner at munnlege kjelder er ulikt mykje viktigare også som *historiske* kjelder enn det er vanleg å tenkje. Når det gjeld kjeldemateriale frå vår eiga tid, er munnleg materiale også blitt viktigare av di stadig færre personar etterlet seg brev, dagbøker og anna skriftleg dokumentasjon på sine liv og roller.
 - Me ynskjer å gjennomføra ein nasjonal workshop om dette hausten 2016, og fylgje opp med faglege arrangement seinarfe i prosjektperioden.
- **Å utvikla og arrangera to slags introduksjonskurs til munnleg historie:**
 - Eit kort og praktisk innføringskurs for nybegynnerar om å bruke intervjustudio, arkiv- og publiseringsløysing.
 - Eit grundigare introduksjonskurs for profesjonelle (tilsette i arkiv, bibliotek og museum, frilansarar etc), aktive medlemmer av Memoar og/eller andre organisasjonar. Dette arbeidet har me alt fått delfinansiering for frå Kulturrådet (sjå budsjettet). Fyrste del av arbeidet skal gjerast hausten 2016 i samarbeid med Folkeminnesamlinga og Norsk etnologisk gransking. Prosjektsida er [Kurs.Memoar.no](#)
- **Standardiserte samtykkedokument:** Ein fylgje av den låge statusen til munnlege ytringar er at dei etisk og juridisk har vore rekna som personsensitivt materiale i staden for frie ytringar.
 - I prosjektperioden vil me utvikla og ta i bruk eit avtalesystem som slår fast at det er *forteljaren* (den som vert intervjuet) som er eigaren av ytringa og som bestemmer korleis den skal kunne delast og/eller brukast (kva for creative commons-lisens som skal gjelde).
- **Kvalitetssikre dokumentasjonsmetode:** I løpet av forprosjektet har me utvikla ein dokumentasjonsmetode der me markerer kvar ny delforteljing i kvart intervju med eit stikkord. Somme av desse stikkorda går att, og me er i ferd med å bygge opp lister av *emneord* i kvart prosjekt.

- Det trengst ei kritisk evaluering, revisjon og standardisering av denne metodikken. Ambisjonen er at me skal bygge eit system av emneord som gjer det munnlege kjeldematerialet søkbart. Dette er ein viktig strategisk del av utviklingsarbeidet, og me vil søke råd både frå historiefagleg, kulturvitskapeleg og arkivfagleg hald.
- **Emneordstaggning:** Mot slutten av forprosjektet hadde me klar eit system for generering av emneord og "tagging" av dei i videospelaren - det vil seie å gjere dei klikkbare, slik at kan gå direkte dit i videointervjuet som han/ho ynskjer. Slik emneordstaggning er også viktig for å kunna bruke utdrag av intervju i utstillingar, vandringsruter el.l. utan å måtta fragmentera hovudintervjuet.
 - I løpet av prosjektperioden ynskjer me å emneordstagger alle opptak i det mellombels arkivet, og å laga ei rutine for emneordstaggning av alle nye filar.
- **Bruk i utstillingar:** I løpet av prosjektperioden vil me gjennomføre minst eit prosjekt saman med eit museum (Sjøfartsmuseet), der utdrag av munnlege minneopptak blir brukte som element i utstilling. Når eit opptak fyrst er gjort, dokumentert og emneordstagger, er det ein "kvardagsleg sak" å gjera utdrag av det tilgjengeleg i utstillingar, enten gjennom fysiske skjermar i utstillinga, eller - rimelegare og meir mangfaldig - gjennom QR-kodar som startar forteljingane direkte på publikum sine egne smarttelefonar eller nettbrett.
- **Geotaggning:** I løpet av prosjektperioden ynskjer me å gjennomføra minst eit prosjekt der me samlar munnlege forteljingar for bruk i ein mobil applikasjon der brukaren automatisk får opp utdrag av forteljingane på nettbrett/telefon når ho/han nærmar seg det punktet som forteljinga handlar om. På søknadstidspunktet er me i dialog med tre aktuelle app-eigarar: "Din mobile grindagut" med lokalhistorisk stoff om Kvinnherad (<http://app.grind.no/>), "Kulturpunkt" som er utvikla av Folkemuseet - <http://kulturit.org/kulturpunkt> - og den britiske "Geotourist", ein enkel og gratis variant for sosiale media. (Me har laga og testa ut ein prøvemodel av sistnente, sjå <http://geotourist.com/tours/1017>).
- **Publikumsarrangement:** Forprosjektet har vist at minneforteljingar er eit kulturuttrykk med publikumsappell. Somme forteljarar vert "gira" av å ha eit publikum slik at forteljingane vert betre. Og sjølv om publikum har egne nesten heilt like erfaringar som forteljarane, er det svært populært å høyre på - gjerne i timevis.
 - I løpet av prosjektperioden ynskjer me å lære meir om dette gjennom fleire publikumsarrangement med formidling av munnlege forteljingar om levd liv.
- **Erfarings- og kunnskapsdeling gjennom blogg.** Både akademisk og sivil/frivillig sektor treng ei djuptgåande skildring av fagområdet munnleg historie. Bloggen Framdrift.Memoar.no kan vere starten på arbeidet med ei norsk handbok for munnleg historie.

Organisasjon:

I forprosjektperioden har det utvikla seg ein prosjektbasert arbeidsmåte der Memoar samarbeider med andre organisasjonar og verksemder i konkrete prosjekt, utan å gjere bygginga av Memoar i seg sjølv til ei hovudsak. Dette har fungert bra så langt, men me har ikkje avslutta diskusjonen om kva slags type organisasjon Memoar skal utviklast til.

- **Prosjektorganisering:** I perioden skal me - saman med faglege, sivile og gjerne kommersielle organisasjonar - utvikle fleksible og effektive samarbeidsmåtar gjennom mins seks minnesamlingsprosjekt med videointervju av primærkjelder. På søknadstidspunktet arbeider me med desse planane og samarbeidspartnarane:
 - **Sjøfartsminne.Memoar:** Saman med Bergen Sjøfartsmuseum og Bergens Skipperforening vil me gjennomføra ein serie minneopptak med personar i Hordaland som er/har vore del av nyare norsk sjøfartshistorie.
 - **Industri.Memoar:** Saman med Norsk etnologisk gransking, fagrørsla og andre organisasjonar med industrifokus vil me ta initiativ til ei større innsamling av munnleg kjeldemateriale frå personar som har vore med på dei store endringane i norsk industri i perioden 1945 til i dag.
 - **Motkultur.Memoar:** Me vil vidareutvikla og formalisera eit påbegynt

innsamlingsprosjekt der ideen er å dokumentera minner om ulike undergrunnskulturar på 1960-, -70 og -80talet.

- **Livsforteljingar:** Me vil vidareutvikla eit prosjekt som me har begynt saman med Bergen Bibliotek. Me har oppretta eit intervjustudio som alle innbyggjarar i Bergen kan nytta gratis. Me vil tilby kurs, intervju- og dokumentasjonshjelp for organisasjonar og einskildpersonar som ynskjer å gjere enkeltståande opptak av minner og livsforteljingar i dette studioet. Me vil også arbeide for å bringe denne ideen vidare til andre bibliotek i Hordaland.
- **Idrettsminne:** Saman med Sportsklubben Djerv og prosjektet Historietorget.no ynskjer me å gjennomføre ein serie minneopptak med personar som har vore/er del av masseidrettsrørsla i Hordaland.
- **Lokalhistorie:** På søknadstidspunktet er Memoar i dialog med offentlege og sivile organisasjonar i to distriktskommunar om innsamling, dokumentering, arkivering og eventuell publisering av lokalhistoriske minneopptak. Desse dialogane handlar også om utvikling av formidlingformer, og me kjem attende til dei nedanfor.
- **Krigsminne:** Memoar har blitt bedne om å tilgjengeleggjere ei samling minneopptak med personar som var del av krigshistoria i Hordaland. Dei fleste av desse forteljarane er borte, og dei kan ikkje gi sitt samtykke til nettpublisering. Men opptaka vart gjort ut frå den felles føresetnaden at dei skulle publiserast og på det grunnlaget vil me digitalisera, dokumentera og publisera dei.
- **Å bygge fagleg og organisatorisk nettverk i Hordaland:** Dei viktigaste partnerane er alt nevnte fleire gonger:
 - Biblioteks-, arkiv- og museumstilsette, leiarar og tilsette i private stiftingar, fond, organisasjonar og kulturnæringar, og heile breidda av frivillige organisasjonar.
 - Forskarar, akademikarar og kunstnarar er også viktige i det regionale nettverket.
- **Bygge nettverk i Noreg:** I løpet av prosjektperioden treng me å utvikle relasjonar til og evt. bli medlemmer av landsdekkande organisasjonar. Dette er ein viktig del av arbeidet for å sikre at utviklinga i Hordaland sprer seg til resten av landet.
- **Internasjonale kontaktar:** I løpet av forprosjektet har me innleidd kontakt me Oral History Society i Storbritania og Oral History Association i USA. Me har stor tru på at det vi vere nyttig å vidareutvikla desse kontaktane.
- **Bygge ut Memoar** som sjølvstendig organisasjon.

Budsjett:

Som det går fram av det føregåande, så er ambisjonane store i høve til dei ressursane Memoar rår over. Men forprosjektet har vist at det er mogleg å drive fram eit krafttak i ganske høgt tempo. Der er eit stort personleg engasjement i Memoar, og prosjektet er overmodent i den forstand at dei aller fleste me kjem i kontakt med, "tenner" på desse ideane.

Det viktigaste som skal til for å halde framdrifta på det nivået me har hatt til no, er frikjøp av arbeidstid. På lengre sikt trur me at denne typen arbeid vil kunne vere sjølvfinansierande. Me ser med interesse at det har vakse fram eit nytt *yrke* i Storbritania og USA - såkalla "oral historians". Det er profesjonelle "minnesamlarar", ofte med utdanning som historikar, antropolog eller journalist, som arbeider med "oral history projects" - prosjektutvikling, intervjuopptak, dokumentasjon, arkivering og formidling av munnlege forteljingar. I Storbritania vert slike prosjekt ofte finansiert dels over offentlege kulturbudsjett, dels av private fond, organisasjonar og verksemder - og dels av eit eige "[Heritage Lottery Fund](#)". I USA er det blitt veldig vanlig at private finansierer egne opptak som så vert avlevert til offentleg arkiv gjennom organisasjonen [StoryCorps](#)

Me trur det skal lukkast å skape grunnlag for noko liknande også i Noreg. Kraftaket no trengst for å kome raskare fram til det britane har brukt femti år på (1960-åra til i dag) og amerikanarane har

bukt åtti (frå [Slave narratives](#) og Federal Writer's Project i 1936 fram til i dag).

Som tidlegare nevnt reknar me med at krafttaket vil krevje litt meir enn eitt år. Våren 2017 vil me vurdere om me skal kome med ein oppfylgjingssøknad til neste år.

Eit utviklingsprosjekt - og eit produksjonsprosjekt

For å gjera tydeleg kva som er kultur- og kunnskapsutvikling og kva som er produksjon, har me skilt budsjettet vårt i eit utviklingsprosjekt og eitt produksjonsprogram.

Utviklingsprosjektet omfattar den utviklinga av infrastruktur, kompetanse og organisasjon som me har konkretisert over. Me trur at me skal klare å nå dei måla me har sett oss innfor ei ramme på kr. 250.000,- Det er denne summen me søker frå Kulturet Utviklingprogram.

Produksjonsprogrammet er uløseleg knytt til dette utviklingsarbeidet. For me har ikkje tenkt å sitje ved noko skrivebord å gjere det. Det er gjennom prøving og feiling i reell produksjon at me får testa idear og metodar. Men på same tid ser me at innsamling av minneforteljingar om sjøfart, industri, idrett eller lokalhistorie frå Kvinnherad ikkje er utviklingsarbeid av same karakter som det me har skilt ut.

Me søker ei lang rekke samfunnsaktørar og investorar om samarbeid for å få gjennomført dei ulike produksjonane våre. I tillegg legg me til ein stor frivillig innsats. Kor mykje me får gjort, avheng dels av kor mykje me klarar å få finansiert, og dels av kor mange som me får inspirert til å vere med på dugnadsarbeid på feltet.

For å synleggjere kor usikkert dette også er, har me laga to budsjettversjonar for produksjonsprogrammet vårt: Ein "best case" og ein "worst case" . Me søker ikkje KUP-midler til produksjonsprogrammet. men me tek med budsjettet for å synleggjere at det skal legjast inn ein stor eigeninnsats i arbeidet vårt.

Produksjonsprogrammet - Best case:

Me produserer 80 dokumenterte minneoptak i sju tematiske innsamlingar, pluss eit nasjonalt kursutviklingsprosjekt (finansiert av Kulturrådet og Bergen Kommune) og tre formidlingsprosjekt.

Totalt kostar desse produksjonane 931.000 kroner. Det vert mogleg med ei støtte frå andre på i alt kr. 533.000,- og ein frivillig innsats tilsvarande kr. 398.000,-

Produksjonsprogrammet - Worst case:

Me produserer 29 dokumenterte optak i seks tematiske innsamlingar. Me gjennomfører det same nasjonale kursutviklingprosjektet og startar tre formidlingsprosjekt.

Dette vert mogleg mogleg innfor ei kostnadsramme på 342.000. I dette scenariet er støtte frå andre redusert til kr. 101.000,- medan eigeninnsatsen framleis tilsvarar kr. 241.000,-

Me vonar at me med dette har fått tydeleggjort det prosjektet me ynskjer å gjennomføre.

Bergen 30. juni 2016

For Memoar

Bjørn Enes



Vedlegg 1 - Utviklingsbudsjett:

Utviklingsprosjekt for munnleg historie i Hordaland

Post	Tekst	Arbeidstimar	Innkjøp
1	Infrastruktur:		
	Mobilt intervustudio – innkjøp		kr 30 000,00
	Arkivløsning – innkjøp		kr 10 000,00
	Publiseringskanal – innkjøp		kr 10 000,00
	Infrastruktur – arbeid	kr 50 000,00	
	Reisekostnader		kr 10 000,00
SUM:		kr 110 000,00	kr 60 000,00
2	Kompetanseutvikling		
	Kursutvikling og gjennomføring	kr 10 000,00	
	Samtykkedokument	kr 10 000,00	
	Dokumentasjonsmetode	kr 10 000,00	
	Emneordstaggning – innføring	kr 10 000,00	
	utvikling og standardisering av utstillingsformat	kr 10 000,00	
	utvikling og standradisering av geotagging	kr 10 000,00	
	Utpøving av publikumsarrangement	kr 10 000,00	
	Blogging	kr 10 000,00	
	Reisekost		kr 10 000,00
SUM:		kr 80 000,00	kr 10 000,00
3	Utviklingsarbeid – organisasjon		
	Tematiske minneinnsamlingar – sjå prosjektbudsjett		
	Fagutvikling	kr 20 000,00	
	Nettverksbygging	kr 10 000,00	
	Reise- og møtekostnader		kr 30 000,00
SUM:		kr 60 000,00	kr 30 000,00
totalt		kr 250 000,00	kr 100 000,00
	Samla kostnad / søknadssum	Arbeidstimar	Innkjøp

Det er dette **utviklingsbudsjettet** som vår søknad om KUP-midler frå Hordaland Fylkeskommune handlar om. Me søker kr. 250.000,- i støtte til dette.

Eigeninnsats og støtte frå andre kjem fram i vedlegg 2/3:

Parallelt med utviklingsprosjektet, (over) skal me gjennomføre eit produksjonsprogram (under). Dei to heng nøye saman - det me utviklar i det første skal prøvast ut i det andre. Volumet av produksjonsprogrammet vil variere med finansiering. Derfor har me to versjonar av det busjettet:

Vedlegg 2:

Prosjektbudsjett – kostnader best case:		Arbeidstimer	Innkjøp
1	Minnesamlingsprosjekt:		
	Sjøfart.memoar.no (10 dokumenterte opptak)	kr 72 000,00	
	Utvida Sjøfart – (5 ekstra dokumenterte opptak)	kr 36 000,00	
	Industri.Memoar.no (10 dokumenterte opptak)	kr 72 000,00	
	utvida industriprosjekt (5 dokumenterte opptak)	kr 36 000,00	
	Motkultur.Memoar.no (10 dokumenterte opptak)	kr 72 000,00	
	Minnesamling Livsforteljinger (10 dok. Opptak)	kr 72 000,00	
	Minnesamling – Idrettsminne (10 dok. opptak)	kr 72 000,00	
	Kvinnheradsprosjekt (10 dokumenterte opptak)	kr 72 000,00	
	Nordhordlandsprosjekt (10 dokumenterte opptak)	kr 72 000,00	
	Reisekostnader		kr 10 000,00
	Lokaler dekket av partner, utstyr dekket av utv.budsj		
		kr 586 000,00	kr 10 000,00
3	Andre prosjekt		
	Nasjonalt kursprosjekt – støtte av Kulturrådet	kr 85 000,00	
	Utstillingsprosjekt – Museum	kr 80 000,00	kr 5 000,00
	Formidlingsprosjekt – Lokalhistorisk vandringsrute	kr 80 000,00	kr 5 000,00
	Publikumsarrangement	kr 10 000,00	kr 40 000,00
	Konferanse	kr 20 000,00	kr 20 000,00
		kr 345 000,00	kr 70 000,00
I alt:		kr 931 000,00	kr 80 000,00
	Kostnader – Prosjektbudsj. I alt	Arbeidstid	Innkjøp/leige
Prosjektbudsjett, Finansiering – Best Case		Eigen innsats	Støtte
1	Minnesamlingsprosjekt:		
	Sjøfart.- Nye søknader til rederi, stiftinger, org. etc	kr 36 000,00	kr 36 000,00
	Utvida sjøfart – nye søkn. Til rederi, org etc.		kr 36 000,00
	Industri – Søknader til verksemder, organisasjoner etc. .	kr 36 000,00	kr 36 000,00
	Utvida industriprosjekt – flere søknader til næringa		kr 36 000,00
	Motkultur.Memoar.no -	kr 72 000,00	
	Livsforteljinger – sal av tenester til private	kr 36 000,00	kr 36 000,00
	Idrettsminne - Søknad til idrettslag etc	kr 36 000,00	kr 36 000,00
	Kvinnheradsprosjekt – Søknad til kommunen o.a.	kr 36 000,00	kr 36 000,00
	Nordhordlandsprosj. – Søknad til kommunen o.a.	kr 36 000,00	kr 36 000,00
	Reisekostnader		kr 10 000,00
	Lokaler dekket av partner, utstyr dekket av utv.budsj		
		kr 586 000,00	kr 298 000,00
3	Andre prosjekt		
	Nasjonalt kursprosjekt – støtte av Kulturrådet		kr 85 000,00
	Utstillingsprosjekt – Museum	kr 45 000,00	kr 40 000,00
	Formidlingsprosjekt – Lokalhistorisk vandringsrute	kr 45 000,00	kr 40 000,00
	Publikumsarrangement – billettinntekter	kr 10 000,00	kr 40 000,00
	Konferanse – deltakaravgifter	kr 10 000,00	kr 30 000,00
		kr 345 000,00	kr 235 000,00
I alt:		kr 931 000,00	kr 533 000,00
	Finansiering – Prosjektbudsj. I alt	Eigeninnsats	Støtte

Vedlegg 3:

Prosjektbudsjett – Kostnader worst case:		Arbeidstimar	Innkjøp
1	Minnesamlingsprosjekt:		
	Sjøfart.memoar.no (10 dokumenterte opptak)	kr 72 000,00	
	Utvida Sjøfart – (Må utsetjast pga finansiering)		
	Industri.Memoar.no (Må uts, pga finansiering)		
	utvida industriprosjekt (Må uts, pga finans.)		
	Motkultur.Memoar.no (Redusere til 3 dok.oppt.)	kr 18 000,00	
	Minnesamling Livsforteljingar (Red. til 5 dok.oppt.)	kr 36 000,00	
	Minnesamling – Idrettsminne (Red. til 5 dok.oppt.)	kr 36 000,00	
	Kvinnheradsprosjekt (Red til 3 dok.opptak)	kr 18 000,00	
	Nordhordlandsprosjekt (Red til 3 dok.opptak)	kr 18 000,00	
	Reisekostnader		kr 3 000,00
	Lokaler dekket av partner, utstyr dekket av utv.budsj		
		kr 201 000,00	kr 3 000,00
3	Andre prosjekt		
	Nasjonalt kursprosjekt – støtte av Kulturrådet	kr 85 000,00	
	Utstillingsprosjekt – Museum	kr 18 000,00	
	Formidlingsprosjekt – Lokalhistorisk vandringsrute	kr 18 000,00	
	Publikumsarrangement	kr 10 000,00	
	Konferanse	kr 10 000,00	
		kr 141 000,00	kr 0,00
I lat:		kr 342 000,00	kr 3 000,00
	- Kostnader Prosjektbudsj. I alt	Arbeidstid	Innkjøp/leige
	Prosjektbudsjett - Finansiering worst case	Eigen innsats	Støtte
1	Minnesamlingsprosjekt:		
	Sjøfart.- Nye søknader til rederi, stiftingar, org. etc	kr 72 000,00	
	Utvida sjøfart – nye søkn. Til rederi, org etc.		
	Industri – Søknader til verksemdar, organisasjonar etc. .		
	Utvida industriprosjekt – fleire søknader til næringa		
	Motkultur.Memoar.no -	kr 18 000,00	
	Livsforteljingar – sal av tenester til private	kr 23 000,00	kr 16 000,00
	Idrettsminne - Søknad til idrettslag etc	kr 36 000,00	
	Kvinnheradsprosjekt – Søknad til kommunen o.a.	kr 18 000,00	
	Nordhordlandsprosj. – Søknad til kommunen o.a.	kr 18 000,00	
	Reisekostnader		
	Lokaler dekket av partner, utstyr dekket av utv.budsj		
		kr 201 000,00	kr 16 000,00
3	Andre prosjekt		
	Nasjonalt kursprosjekt – støtte av Kulturrådet		kr 85 000,00
	Utstillingsprosjekt – Museum	kr 18 000,00	
	Formidlingsprosjekt – Lokalhistorisk vandringsrute	kr 18 000,00	
	Publikumsarrangement – billettinntekter	kr 10 000,00	
	Konferanse – deltakaravgifter	kr 10 000,00	
		kr 141 000,00	kr 85 000,00
I lat:		kr 342 000,00	kr 101 000,00
	- Finansiering Prosjektbudsj. I alt	Eigeninnsats	Støtte